

# Årdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/18	Formannskapet	12.06.2018

Sakshandsamar: Helen Koldal

Arkiv: K2 - G00

Arkivsaksnr. 16/420 -  
18/7002

### Planprogram helse og omsorgsplan Årdal kommune 2018-2026. Utleggingsvedtak

#### Saka gjeld

Utleggingsvedtak planprogram helse og omsorgsplan 2018-2026.

#### Bakgrunn

Noverande helse- og omsorgsplan gjeld til 2020. Det er behov for ein ny heilskapleg og koordinert plan for dei samla helse- og omsorgstenestene som omfattar omsorg, rus og psykisk helse, helsetenesta (legetenester, legevakt og KAD), rehabilitering, fysio-/ergoterapi, helsestasjon og skulehelsetenester og bu og miljøtenesta. Det er samtidig nødvendig å sette fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid for å dempe eller utsette behovet for helse og omsorgstenester.

Årdal kommune står framfor betydelege økonomiske utfordringar, og drifta må tilpassast framtidige økonomiske rammer. Framtidig demografisk utvikling tilseier reduksjon i folketalet. Årdal kommune har sterk vekst i den eldre befolkninga. Vi ser auke i utfordringar knytta til rus og psykisk helse, samt at tenestene og målgruppa for tiltak for utviklingshemma er i endring, med behov for meir omfattande og individuelt tilpassa tenester. Samhandlingsreformen, nasjonale planer og nye lovkrav tilseier at oppgåver og tenestetilbud i stor grad skal løysast i kommunane.

Tenestene skal i større grad utformast i nært samarbeid med pasientar og brukarar og deira pårørande. Utvikling av digitale og nye teknologiske løysingar vil gje nye mogelegheiter.

Som ein konsekvens av dei endringane kommunen står overfor, må det setjast særskilt fokus på strukturendringar, omstilling, rekruttering og kompetanseutvikling.

#### Kommunal planstrategi

Ny helse- og omsorgsplan er ein av planane som skal utarbeidast i planstrategien 2018 – 2020. Planen er forutsett vedteken i 2018.

## 2 Mandat

Utvikle gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester med riktig dimensjonering og kvalitet, på tvers av fagområder og i samarbeid med pasientane/brukarane.

1. Helse- og omsorgsplanen skal utarbeidast med bakgrunn i forventa folketalsutvikling, alderssamansetning og nasjonale utviklingstrekk for helse- og omsorgstenestene.

2. Planen skal vektlegge:

- folkehelse og helsefremjande løysingar
- god samhandling mellom tenesteområda
- ferdigheitene og ressursane til den enkelte brukar
- god brukarmedverknad
- digitale og teknologiske løysingar

3. Dei ulike tenestetilbuda skal dimensjonerast og lokalisert med fokus på koordinerte og effektive tenester. Tenestetilbuda skal utarbeidast på tvers av dei ulike fagområda, men og slik at det vert utarbeidd del-/fagplanar for demensomsorg, psykisk helse, legetenesta og rehabilitering

4. Det skal utarbeidast ein handlingsplan med tiltak. Økonomiske og kvalitative konsekvensar skal kartleggjast for det enkelte tiltak. Tiltaka skal prioriterast innbyrdes og i tid, og gjera kommunen i stand til å møte nye utfordringar.

## 3 Mål

Det er utarbeida følgjande utviklings- og resultatmål for planen:

### 3.1 Utviklingsmål

Utviklingsmål skal skildre verknadene av planarbeidet.

#### 3.1.1 Pasient/brukar/pårørande:

Bidra til utvikling av eit heilskapleg, godt koordinert og samordna tenestetilbud

Bidra til at riktig teneste vert ytt til rett tid, i rett omfang og på riktig omsorgsnivå.

Bidra til at helse- og omsorgstenestetilbudet vert ytt med utgangspunkt i pasient og brukar sine eigne mål for livskvalitet, og at dei kan nytte egne ressursar og ferdigheiter.

#### 3.1.2 Kommune:

Bidra til føreseielegheit i høve til utvikling, dimensjonering og lokalisering av tenestetilbuda.

Bidra til framtidretta organisering av tenestene - samhandling med fokus på pasient/bruker.

Bidra til at tenestetilbuda er koordinerte og effektive.

Bidra til at rekruttering og kompetanse er i tråd med framtidige behov.

### **3.2 Resultatmål:**

Resultatmål skal skildre mål som skal realiserast gjennom planarbeidet.

**3.2.1** Vi har utarbeidd ein heilskapleg plan for helse og omsorgstenester i Årdal kommune, som er tydelig avklart mot andre kommunale planar. Planen inneheld eldreplan og egne fagplanar for demensomsorg, psykisk helse, legetenesta og rehabilitering.

**3.2.2** Planen har en konkret handlingsdel med prioritert skildring av gjennomføring, der økonomiske og kvalitative konsekvensar er skissert for det enkelte tiltak.

**3.2.3** Planen er lett tilgjengeleg for innbyggjarane brukarar, tilsette, samarbeidspartar og andre.

## **4 Organisering**

**Styringsgruppe - strategisk utviklingsgruppe helse- og omsorgstenesta:**  
Formannskap

### **Prosjektgruppe:**

Kommunalsjef Helen Koldal, leiar  
Tenesteleiar Hilda Nese, heimetenester og institusjon  
Tenesteleiar bu og miljøtenesta  
Tenesteleiar helse  
Fagleiar tildelingskontoret  
NAV leiar  
Kommuneoverlege  
Hovudtillitsvald Anita Sviggum,NSF  
Hovudtillitsvald Hege Terese Olsen, Fagforbundet  
Hovudtillitsvald Liv Wigdahl, FO  
Hovedverneombud Wenche Tryti Breivik  
Brukarrepresentant  
Sekretær

### **Referansegrupper:**

- Eldrerådet
- Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne
- Ungdomsrådet

## **5 Prosess og metodevalg:**

Det vert etablert tverrfagleg samansette arbeidsgrupper.

Mandatet til arbeidsgruppene skal utformast slik at utarbeiding av del-/fagplanar vert

ivareteke.

Arbeidsgruppene skal være representert med pasient/brukar og/eller pårørende der det er naturleg. Arbeidsgruppene skal uavhengig av slik representasjon alltid sikre nødvendig medverknad i utarbeiding av planen.

Velferdsteknologiske løysingar og digitalisering må vektleggjast.

Årdal Tenk Tryggleik deltar i ulike arbeidsgrupper i planarbeidet.

Det skal gjennomførast risikovurdering av tenestene i alle arbeidsgruppene.

Det skal utarbeidast mal for skriftlig rapport frå arbeidsgruppene.

Det skal etablerast fora mellom leiarane for arbeidsgruppene og prosjektgruppa.

Planen skal utarbeidast i digitalt format.

## **5.1 Arbeidsgrupper**

- Heildøgns omsorgstenester
- Aktivitetstilbud
- Tenester i heimen
- Tilbud til barn og unge
- Psykisk helse og rus
- Habilitering og rehabilitering
- Forebygging og helsefremming for barn og unge
- Forebygging og helsefremming for eldre
- Bustader
- Legetenesta
- Kompetanse/rekruttering
- Frivillig sektor
- Digitalisering og teknologi
- Sosialtenesta/NAV

### **Andre samarbeidspartar:**

Årdal Utvikling

Lokalt næringsliv

Årdal boligbyggerlag

Støtte- stab

Personal

FTV

Byggesaksavd

Oppvekst/skule

Kultur og idrett

Frivillighetssentral

Helse Førde

Lærdal kommune

Aurland kommune

LMS

## **Definisjonar:**

### **Heildøgns omsorgstenester**

Korttids-, avlastnings-, langtids- og rehabiliteringsplasser i sjukeheim.  
Bufellesskap med heildøgns bemanning.  
Samlokaliserte bustader med døgnteneste.

### **Aktivitetstilbud**

Dagsenter for eldre, yngre, utviklingshemma og personar med demens.  
Lavterskeltilbud psykisk helse og rus.  
Arbeids- og aktivitetstiltak.  
Støttekontakt.  
Eldresenter.  
Fritidsklubb.  
Ungdomsklubb.

### **Dagbehandling:**

Frisklivsentral.  
Fysikalske institutt.

### **Tenester i heimen::**

Heimesjukepleie.  
Praktisk bistand.  
Brukerstyrt personlig assistanse.  
Kvardagsrehabilitering.  
Rehabilitering.  
Fysio-/ ergoterapi.  
Psykisk helsehjelp.  
Tekniske hjelpemidler.  
Omsorgstønad.  
Pårørandestøtte.  
Velferdsteknologi.

### **Tilbud til born og unge**

Helsestasjon for skule, ungdom, vidaregåande skule.  
Helsetenester til flyktningar.  
Familiereettleiing.  
Jordmorteneste.  
Fysio-/ergoterapi.  
Habilitering.  
Rustilbud.  
Psykisk helsetilbud.  
Barnebustader.  
Avlastningstilbud.  
Betre tverrfagleg innsats (BTI).

### **Bustader**

Tilrettelagte boligtypar.  
Kommunale utleigebustader.  
Omsorgsbustader.

Trygdebustader.

### **Legetenesta:**

Fastlegetenesta.

Tilsynslegetenesta, innan sjukeheim, helsestasjon, skulehelse, rus og psykisk helse.

Legevakt i interkommunale samarbeid.

Kommunalt akutt døgntilbud (KAD).

### **Digitalisering og teknologi:**

### **Kompetanse/ rekruttering:**

Kompetanse- og rekrutteringsbehov for ulike fagområde innan helse- og omsorgstenestene.

### **Frivillig innsats**

Bidrag og innsats fra frivillige/ideelle organisasjonar og privatpersonar.

## **6 Rammeføresetnader for prosjektet– avgrensingar og kritiske suksessfaktorar:**

- konkret og tydelig mandat til arbeidsgruppene
- tilgang på ressursar for å sikre kvalitet og framdrift på arbeidet
- tenesteområda greier å avsjå ressurs inn i gruppene
- engasjerte, nytenkjande og framtidretta deltakarar som ser heilskapen i planarbeidet

## **7 Utgreiingar**

I planarbeidet skal følgjande utgreiingar leggast til grunn:

- folketalsutvikling og alderssamansetnad
- utviklingstrekk for helsetilstanden i befolkninga
- samhandling med spesialisthelsetenesta
- samhandling mellom tenesteområda i kommunen for å sikre god kvalitet og effektiv tenesteyting
- implementere digitale og nye teknologiske løysingar/verktøy
- dimensjonere og organisere tenestetilbuda og klarlegge føresetnadene for forslaga
  
- handlingsplan med prioritering av tiltak med økonomiske og kvalitative konsekvensar

## **8 Medverknad**

God medverknad er nødvendig for eit godt resultat. Medverknad vil føregå på fleire område:

- Dei tilsette innan tenesteområda blir involverte i styrings-, prosjekt- og arbeidsgrupper.

- Tillitsvalde vil vera representert i styringsgruppa og utvalde arbeidsgrupper.
- Kommunale leiarar vil være representert i prosjektgruppa.
- Brukarrepresentantar vil delta i utvalde arbeidsgrupper
- Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet vil vera referansegruppe til prosjektet
- Digitale løysingar vil nyttast for å sikre at enkeltpersonar, lag og organisasjonar kan komme med innspel
- Planprogram og Planforslag vil bli lagt ut til offentlig høyring . Det vil bli gjennomført breie høyringar. Egen høyringskonferanse kan bli arrangert i høyringsperioden for planforslaget.
- Det vil bli arrangert oppstartsamling der deltakarar i prosjektgruppe, arbeidsgrupper, brukarorganisasjonar, pasient – og brukarombud, Fylkesmannen og Helse Førde, lediarar og politikarar i kommunen vil bli invitert.
- Andre samlingar, temakvelder m.v vil bli vurdert.
- Det er lagt opp til god kommunikasjon med media.

## 9 Framdriftsplan

ID	Framdriftsplan	Start dato	Ferdig dato
M1	Agenda Kaupang sin rapport «utvikling av omsorgstenestene» er ferdig		20.02.18
M2	Gjennomgang av bu- og miljøtenesta i regi av Agenda Kaupang er gjennomført		26.04.18
M3	Prosjektgruppa har levert innspel til styringsgruppa i omstillingsprosjektet		15.05.18
M4	Når omorganisering av helse- og omsorgstenesta er gjennomført		15.06.18
M5	Når etablering av tildelingseining er planlagt		01.06.18
M6	Når framlegg til planprogram er politisk vedteken		21.06.18
M7	Når brukarar ( Ungdomsråd, Råd for funksjonshemma, Eldreråd, brukarorg) politikarar og tilsette har komme med innspel til helse- og omsorgsplanen på Idecafe		01.09.18
M8	Når vi har på plass visjon og mål for helse – og omsorgstenestene		01.10.18
M9	Når vi har etablert arbeidsgrupper som arbeider med tema i planen		01.09.18
M10	Når helse- og omsorgsplan har vore på høyring		01.11.18
M11	Når helse- og omsorgsplan er politisk vedteken		31.12.18

## 10 Grunnlagsdokument:

Følgjande utgreiingar og dokument skal leggjast til grunn for arbeidet:

1. Utvikling av omsorgstenestene , rapport ved Agenda Kaupang
2. Etterspørsel i fht lovpålagte tjenester. Udekkta behov og overkapasitet
3. Befolkningsframskriving fordelt på alder og geografi.
4. Oversiktsarbeid over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i Årdal kommune

## **Nasjonale sentrale og førande dokument:**

- Helse- og omsorgstenestelova
- Pasient og brukerrettighetslova
- Helsepersonellova
- Omsorgsplan 2020
- Demensplan 2020: Flere år- flere muligheter. Regjeringens strategi for et aldersvennlig samfunn
- Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017 – 2019) – Helse- og omsorgsdepartementet
- Primærhelsemeldinga
- Leve hele livet - kvalitetsreform for eldre
- Opptappingsplan psykisk helse og rus
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Velferdsteknologi
- Omsorg 2020
- NAV
- SSB/KOSTRA – IPLOS
- Andre relevante planar, rundskriv og rettleiarar

### **Tilråding:**

Formannskapet legg ut forslag til planprogram for helse og omsorgsplan på høyring i 4 veker.

Høyringsfristen vert sett til 20. august 2018.

12.06.2018 Formannskapet

Tilråding frå rådmann vart teken opp til røysting.

Røysting.

Tilråding frå rådmann vart vedteken samrøystes.

### **Fskap-066/18 Vedtak:**

Formannskapet legg ut forslag til planprogram for helse og omsorgsplan på høyring.

Høyringsfristen vert sett til 5. september 2018.